

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

76. ÅRG. / NR. 2 - 2022 / www.kyrkja.no/vaksdal



***GOD sommar
til og frå kyrkjelydane i Vaksdal!***

Oddvar Fosse
Side 6-7

Aktivitetsside for born
Side 11

www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærer Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Sordalsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 17. august.

Bilete på framsida: Trusopplærer Kristin og organist Ruben har ved fleire høve laga lydforteljingar frå Bibelen i kyrkjene. Her frå lydforteljinga i Dale kyrkje under Daledagane.

Kva vil du me skal gjera for deg?

Denne veka har staben med kyrjekontoret vore på Stiftsdagar. Dette er 2 dagar med konferanse for alle tilsette i kyrkja i Bjørgvin. Her var det prestar, kyrkjetenarar, kyrkjeverjer, kantorar, trusopplærer, orgainstar, gravplasstilsette m.fl. Det var utruleg kjekt å kunne møtast å være saman igjen. Det å være fleire hundre personar i eit og same rom var jo ganske utenkeleg for berre kort tid sidan.

Det var mange flotte foredrag og spanande innslag iløpet av desse dagane. Og eg trur at dei fleste av oss kom heim og var inspirerte og utfordra. Ein av dei tinga som har utfordra meg i lang tid, og som også vart snakka om på denne samlinga er kva er kyrkja for folk flest? Korleis skal me trekka fleire folk til kyrkja? Kva tenker du? Kva skal til for at du kjem til kyrkja?

Om du har gode idear, vil me gjerne høyre frå deg. Du finn oss på FB, eler du kan sende mail, eller du kan snakka med nokon du veit jobbar her. Vonar me høyrer frå deg.

God sumar!

Bjart-Magnus N Rosvold

Fellesrådsleiar:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Bjørgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Vaksdalposten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** Bodoni AS, avd. Hardanger, Øystese

Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam



OM Å LADE BATTERIA

*Men Herren sa til meg: «Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap.»
Difor vil eg helst vera stolt av veikskapen min, så Kristi kraft kan bu i meg. 1. Kor. 12.9.*

Apostelen Paulus skriv til kyrkjelyden i Korint i Hel- las. I neste verset skriv han: For når eg er veik, då er eg sterk. Kva er det å vere veik? Kva er sann styrke, og kva er den krafta som vert fullenda i veikskap? Veikskapen er ein styrke ved det å vere menneske. Vi er sårbare og små. Det å vere seg medviten om at ein ikkje alltid strekker til, er viktig. Eg treng hjelp. Då kan vi byggje kyrkjelydar lik Paulus. Kyrkjelyden er einskapen av til- gjevne syndarar, dei som i seg sjølve ikkje makta livet sitt. Dei har funne nåde hos Gud. Krafta til å leve livet kjem utanfrå, frå den himmelske kraftkjelda.

Alle menneske går på batteri. Du kan kjøpe batterier, for så å kaste dei når dei er oppbrukte. Men meir og meir får me i vårt samfunn gjenstander som går på kraftfulle batterier som ladast opp att. Vi har mobiltelefonar, nettbrett, barbermaskiner, ja attpåtil tannbørster. Så har det dei seinare åra kome elektriske biler med stadig betre rekkevidde på køyringa. Når du dit du skal? Du må lade batteria på veggen, om du skal langt som på ferietur. Ta deg pauser gjerne med ein kaffikopp, så gjer hurtigladaren jobben. Ein må oppsøkje ladestasjonane der dei er å finna.

Det er ein parallell her til sjølve livet. Vi må passe oss for ikkje gå tom. Vi treng påfyll. Vi treng mat og drikke for å leve. Når blodsukkeret vert lågt, er tid for å fylle på. Kva er å lade dei menneskelege batteria? Kva for kraft treng vi då? Mange snakkar om å lade batteria med å gå ein tur i naturen. Det er fint med frisk luft og

å ta seg ut lite granne. Ein kan konsentrere seg om nok anna enn til dagleg, eller berre la tankane fly og suge til seg inntrykk. Vi treng slike skifte. No er det ferietid. Ei tid for avkobling. Men slik avkobling er òg ein form for påkobling for å vere i lademodus. Drar du på byferie kan du stikke innom ei kyrkje på veggen. Det finnest mange ulike ladestasjonar. Bøker og filmer kan lade deg opp. Møte med nye menneskje, men òg det å finne stader for ro til ettetanke. Skal Herren kunne fylle på må det vere rom for å lytte. Nokre gongar må ein ta litt storreingjering i sjela og. Renske bort litt gammalt slagg og skit. Vi må hugse på batteria for trua. Dei andelege treng jamnt med påfyll av kraft.

Kva er no denne veikskapen der det ligg styrke? Styrke er noko meir enn muskelkraft. Det er òg styrken til å halda ut, til å tåle påkjenning. Eit strå kan bøye seg i vinden for så å reisa seg att. Men om eg no knekker eller vert utlada, so har eg trua på min Herre Jesus Kristus som løfter meg oppatt, og fyller meg med sin kraft. Det kan vere på overnaturleg måte, men som oftast er det heilt på naturleg vis. Det er ikkje eit mindre under for det. Det er ikkje eit nederlag at eg treng hjelp. Eg er ikkje hjelpelaus så lenge eg har ein som hjelper meg. Er det ikkje fantastisk at hjelpen er å finne? Trua mi og sjela vert lada til nye dagar og utfordringar. Vår himmelsk venn går med på turen. Vissa om det lader batteriet så det holder. Eg har inga rekkeviddeangst når det gjeld himmelen.

**Med venleg helsing
Edvard Bø**

Min salme

Takk til Grete Kringlebotten som utfordra meg til dette fine tiltaket!

Det er vår, det er mai og flyttfuglane har komme tilbake, liene og markene grønkast og vårblomane gler oss med sine vakre fargar. Då er det berre ein salme som gjeld for meg, og det er No livnar det i lundar, også kjent som Vårsong og Gudleg vårson. Elias Blix skreiv denne vakre salmen med sine 12 vers i 1875 og same året skreiv Ludvig Mathias Lindeman melodien. Blix var svært oppteken av naturen og spesielt våren, då han som nordlending opplevde kor fort og overveldande våren med det nye livet feia vinteren vekk, og kor vakkert det vart. Salmen får meg òg til å tenkja på påsken som me nyleg har feira og til pinsen som me skal feira i juni, og trass i krig og uro for framtida, skal me få håpa på at «Gud oss lagar ei betre verd ein gong».

Norsk salmebok nr. 844

Tekst: Elias Blix (1875)

Melodi: Ludvig M. Tidemann (1865)

1 No livnar det i lundar,
no lauvast det i li,
den heile skapning stundar
no fram til sumars tid.

2 Det er vel fagre stunder
når våren kjem her nord
og atter som eit under
nytt liv av daude gror.

3 Guds kyrkje lysa skulle
som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde
og utan solarglad.

4 Guds ord vel alltid lyser,
den sol gjeng aldri ned.
Det hus som Anden hyser,
ligg støtt i ljøs og fred.

5 Men stundom kom det kulde
på Herrens kyrkjemark.
Det var som Gud seg dulde,
og borte var Guds ark.

6 Det var dei mørke dagar,
Guds ord var fâhøyrd segn.
Og hjarta frys og klagar,
det saknar sol og regn.

7 Så sende Gud sin Ande
som dogg på turre jord.
Då vakna liv i lande,
då grøddest vent Guds ord.

8 Då er det sæle tider
for Kristi kyrkjegrund.
Då lauvast det i lier,
då livnar det i lund.

9 Då ljøsna det i landet
frå fjell og ned til fjord.
Då losnar tungebandet,
då kved Guds folk i kor.

10 Då skin det over strender
som sol ein sumarkveld.
Då gløder kring i grender
ein heilag altareld.

11 Du vår med ljøse dagar,
med lengting, liv og song,
du spår at Gud oss lagar
ein betre vår ein gong,

12 då me med vigsla tunge,
med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunge
skal lova Herren vår!

Anne Sellevold Hol utfordrar Ingrid Verpelstad til å skriva om sin salme.



Orgel: Cecilie, Heidi og Signe ved orgelet i Eksingedalen kyrkje.

Born ved orgelet

I eitt og eit halvt år har me no hatt gratis orgelundervisning i Eksingedalen, anna kvar tysdag. Interesserte born har fått notekurs og undervisning i piano og orgel. Dei har for lenge sidan skjønna korleis orgelet verker, og har fleire gonger spela på gudstenester og konserter i Eksingedalen. Me ser fram til å fortsette til hausten.

Dersom det blir interesse for dette også på Dale og

Vaksdal kan det være aktuelt å ta i mot elevar her også. Her er orgla ein del større, nesten som små orkestrer, med mange ulike lydar å utforske. Dette passar for born og unge som har en spesiell interesse for å spele og som kan øve heime.

Dei som ynskjer å vite meir om dette kan kontakte meg (sjå kontaktinfo på side 2).

Ruben Gjertsen

Vann husarbeid av presten

I starten av prosjektet «Inviterande kyrkje» i Dale sokn var det ei spørjeundersøkinga då det var ein stand i Gatå. Dei som svara på undersøkingakunne gje opp namnet sitt for å vere med på trekking av ein gevinst. Gevinsten var to timars husarbeid utført av presten. Vinnaren var Marion Gjermo Jakobsen, og presten var sett til å vaske vindauga, både innandørs og utandørs. Og vinnaren var visst nøgd med arbeidet!



Husarbeid: Frode Kvamsøe, no og ein vindusvaskar.



STØLSGUDSTENESTE PÅ SKARVASTØLEN (BERGSDALEN)

Søndag 3. juli kl. 15.00

Skarvastølen ligg ved Bergsvatnet. Parkering ved betongbrua. Det tek om lag 15 min å gå. Vert ikkje vèret bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Anne Hilde Fosse Osvold (95 10 03 72), eller sjekke Bergsdalen kyrkje si Facebookside og kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

OLSOKSTEMNA PÅ LEIRO (EIDSLAND)

Fredag 29. juli kl. 18.00

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Sauefjøset på Myster. Vert ikkje vèret bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

UTEGUDSTENESTE PÅ VETLEJORD (EKSINGEDALEN)

Søndag 7. august kl. 12.00

Gudstene sta vil vere nede mot elva. Ta med noko å sitje på. Det vert laga til grillar, slik at dei som ynskjer det kan ta med mat å grille. Me freistar å lage til nokre aktivitetar for dei yngste etter gudstene sta. Vert ikkje vèret bra nok møtast me i Eksingedalen kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Lars Patterson (91 88 78 25) eller sjekke heimesida til Eksingedalen eller kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

UTEGUDSTENESTE I BEINHELLEREN (EKSINGEDALEN)

Søndag 21. august kl. 12.00

Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha køyrt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved brua. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett. Vert ikkje vèret bra nok møtast me i Nesheim kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese (97 58 83 03) eller sjekke Nesheim kyrkje si Facebookside og kyrkjelydane i Vaksdal si heimeside.

Det blir relativt korte gudstene sta, og høve til å nyte medbragt mat og drikke etterpå.

ODDVAR FOSSE - ein tenar av kyrkja



Lystenning og dekking av altaret er ein del av førebuinga til gudstenestene

Oddvar Fosse er kyrkjetenar i Eksingedalen kyrkje. Han vert 80 år i løpet av sommaren, og er såleis den suverent eldste kyrkjetenaren i Vaksdal-kyrkjene. Det var i 2011 han byrja som kyrkjetenar.

- Det starta med at dei mangla nokon til å ringje i kyrkjeklokkene ein dag, og eg sa eg kunne gjere det. Så vart eg spurt om å vere fast kyrkjetenar, og slik vart det.

Kyrkjetenaren førebur gudstenesta og ryddar vekk etterpå. I den fleste kyrkjene er og klokkar-oppgåver lagt inn i stillinga, så Oddvar les bibeltekstar og kunnngjeringar, og er gjerne den som les bønene i gudstenesta.

Han har og vore kyrkjetenar i Nesheim kyrkje nokre år frå slutten av 80-talet av overtok etter Gunnar Nesheim. Då hadde han og jobben med reinhaldet. Og den tida var han og kyrkjevevje i Nesheim sokn. I tidlegare tider var det kyrkjevevje i kvart sokn.

- Då hadde eg ansvar for å finne graver når nokon skulle gravleggjast, samt å ta meg av sjølve gravinga. Me grov med hakke og spade, og eg bruka å ha nokon med seg då. Det var ei oppgåve som gjekk på omgang i bygda. Om vinteren tek det ekstra lang tid, med ofte mykje snø og djup frost. Det vart enklare då me kunne byrje å leige ein liten gravemaskin hos Mosand i Modalen.

Oddvar har og vore med i Nesheim sokneråd i to periodar; på 1980-talet og på 2010-talet.

På staden der Oddvar vaks opp det gjekk eit ras på Fosse 9. februar 1928. Raset starta i fjellsida på motsett side av garden, og snø og vatn trefte garden. Bestemora til



Oddvar les Bibel-tekstar og kunnngjeriane frå lesepulten.

Oddvar var ein av dei to som døydde i raset. Slike dramatiske hendingar set naturleg nok sine spor i generasjonar, men Oddvar seier at han ikkje er redd for fleire ras.

Oddvar tok over heimegarden i 1975, og då hadde han kyr og sau fram til midten av 1980-talet, og etter det hadde han foringsdyr fram til 2004. Men han har ei variert yrkeserfaring i tillegg til å vere bonde.

- I 1969 byrja eg å køyre lastebil for Billaget i Eksingedalen, og då nyeskulen på Bergo vart opna i 1972 byrja eg å køyre skulebussen her i dalen. Det vart og nokre turar til Dale i løpet av veka, og om vinteren køyrde eg brøytebil.

I 2014 slutta Oddvar i det som etter kvart fekk namnet Modalen-Eksingedalen. Han fortel at han elles har halde

på med anleggsarbeid og arbeid som snikkar hos BKK.

No er Oddvar pensjonist, man altså ikkje nett på heiltid. Utanom å vere kyrkjetenar på Flatekval er Oddvar engasjert i arbeide på Fagertun leirstad i Fagerdalen.

- For nærare 30 år sidan kom eg med i husstyret, men har hatt jobben med brøyting på veggen inn og på plassen i om lag 40 år.

- Det har gått med nokre timar med det?

- Å ja, det har det, seier Oddvar med eit smil. Det har gått i alle fall 1-2 timar kvar gong, alt etter kor mykje snø som låg.

Oddvar har og vore med på fleire store dugnadar på Fagertun. I 2009 vart kjøkenet oppgradert, og i 2018 vøla dei gangen og matsalen nede. Fagertun har naturleg

nok vore mindre nytta dei siste par åra, men no tek utleiga seg litt opp att. Det er Norges Samemisjon som eig Fagertun, og den fyrste veka i mai hadde leiinga i Samemisjonen møte på Fagertun over fleire dagar.

Oddvar fortel at han vaks opp ei ein heim med aktive kristne foreldre, der dei mellom anna hadde mykje besøk av misjonærar og predikantar. Oddvar hugsar og god misjonsstemna på Nesheim kvar sommar. Då var det gjerne to møter i kyrkja same dagen, og kaffi- og matøkt på nabogarden imellom. Desse møta heldt på til ut på 1970-talet, meiner han å hugse. Det var likevel i vaksen alder at Oddvar vart medviten trua si.

Kva gjev trua deg, sånn i kvardagen?

- Ho gjev tryggleik, og eg tenkjer på ho kvar dag. Trua gjer og at eg ikkje har noko uro for livet framover.

**Tekst og foto:
Frode Kvamsøe**

” Det starta med at dei mangla nokon til å ringje i kyrkjeklokkene ein dag, og eg sa eg kunne gjere det. Så vart eg spurt om å vere fast kyrkjetenar, og slik vart det.


Oddvar Fosse



KVA HAR SKJEDD på Veggen SIDAN SIST?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook! 

Borna sin påskedag og påskevandring i kyrkjene

Palmesundag inviterte me til Borna sin påskedag i Dale og Eksingedalen kyrkjer. Sjuåringar var spesielt inviterte, og alle andre var sjølv sagt velkomne òg! Dei som var til stades fekk oppleve påskeforteljinga enkelt dramatisert ved at prestane gjekk i rolle som Jesus (i kvar si kyrkje), og dei som var i kyrkja fekk òg på sitt vis vera med på det som hende, om det var å vifta med palmegreiner på palmesundag, få føtene «vaska» på skjærtorsdag, eller koma med blomar til grava på påskedag. Etterpå fekk dei som villa laga seg sommarfuglar. Sommar-

fuglen er gjennom ulike stadie før den blir sommarfugl, og det kan vera eit symbol på det som hende med Jesus i påska.

I påska hadde me òg påskevandring inne i Vaksdal kyrkje, for både små og store. Vaksne kunne gjennom plakatar på veggane rundt i kyrkja ta del i Jesu' lidingshistorie, som òg blei aktualisert i sterke, djupe tekstar. I midtgongen var det små, enkle «tablå» der me brukte Jesusbamsen for å visa påskeforteljinga, som heldigvis slutta bra!



Vaksdal: Påskevandring på Vaksdal



Eksingedalen: Borna sin påskedag.



Skipshelleren: Gudsteneste på Kristi Himmelfartsdag, der femåringar var særskild inviterte.

Gudsteneste på Skipshelleren

Kristi Himmelfartsdag var det gudsteneste på Skipshelleren på Straume, der femåringar var særskild inviterte. Denne dagen regna det, så gudstenesta som normalt er nede ved fjorden, blei flytta opp under helleren. Der sat alle tørt, og kunne lytta til fløytespel før Edvard prest spelte opp på gitar, det var

han som stod for tonefylgjet denne gongen, til fleire si forbausning. Kristin fortalte om sauene som blei borte for bonden, før borna hjalp med å finna den, den hadde sett seg fast i ei bergsprekk i helleren! Etterpå var det sporeløype med premiar, og bål og pølsegrilling ved fjorden. Ein fin dag, om enn litt våt...

Baby- og småbornssong og knøttesong på Stamnes, Dale og Vaksdal

Me har i vår hatt samlingar i kyrkjene både på Dale og Vaksdal, med kombinert baby- og småbornssong for born 0-2 år på føremiddagen, og knøttesong for born 2-5 år på ettermiddagen. På Stamnes har me hatt baby- og småbornssong ein torsdag formiddag i månaden, i bedehuskjellaren. Det har vore fint å treffa både nye og kjende, og at kyrkjene kan vera ein møteplass for småborn og foreldra deira! På Dale har det vore både ei glede og ei utfordring at kyrkja er stor og spennande, meir enn ein gong har me mätta på leiting

mellom kyrkjebenkane når små føter tassar av garde (alle blei funne!)... Takk for i vår, til alle som har vore med!



Dale: Hyggeleg på babysong på Dale.

Kva skjer på vegen framover?



FRÅ 22. AUGUST

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust inviterer me på nytt til baby- og småbornssong for born 0-2 år på Vaksdal måndagar og på Dale onsdagar. Samlingane byrjar klokka 12, og sjølve songstunda er ca klokka 12.05-12.45. Det går heilt fint å koma/gå slik det passar med sovetider og slikt! I etterkant av samlingane er det eit uformelt lunsjtreff, der ein kan ha med eigen mat, og me stiller med drikke og evt. litt frukt. Qr-kode til gruppa der me deler info om samlingar framover, ved sida.



0-2 år

FRÅ 22. AUGUST

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Det vert òg knøttesong for to til fem-åringar i kyrkjene på ettermiddagstid utover hausten! Her vert det annakvar gong på Vaksdal (måndagar i oddetalsveker) og Dale (onsdagar i partalsveker), og det går sjølvsagt an å reise mellom bygdene om ein vil få med seg samlingar kvar veke! Det er mogleg å ta med seg litt kvelds og eta på slutten av samlingane.



2-5 år

I MÅNADSSKIFTET AUGUST-SEPTEMBER

Båttur til Kvamsholmen

Me har brukt å reisa på segltur med Brørvikaskuta med tolvåringane i kommunen, men skuta er framleis til reparaasjonar. Skutefolket, dugnadsjengen rundt skuta, inviterer i staden til båttur til Kvamsholmen, der me får grilla, og får omvisning i området. Me i kyrkja har òg nokre innslag undervegs, naturleg nok. Pleier å vera ein gøy dag for dei som er med!

12 år

I AUGUST OG SEPTEMBER

Skulevegensamlingar

Me har fleire år hatt «skulevegensamlingar» som ein del av gudstenester der årets seksåringar har fått innbyding til gudstenester der dei har fått utdelt bøker. Dette prøver me oss på igjen i år, og ynskjer velkomen årets skulestartarar til gudstenester i dei lokale kyrkjene sine. Innbyding kjem når det nermar seg!

6 år

FRÅ SEPTEMBER

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Me har lyst til å ha nokre samlingar etter skuletid ein eller to gongar i månaden for born på Dale og Vaksdal. Det vert blant anna enkel matserving og «ein stad å vera» der borna kan spela spel, gjera lekser, ha enkle formingsaktivitetar, eller andre ting. Akkurat kvar og kortid dette kjem i gong, er ikkje heilt avklart enno, men me kjem til å annonsera det i ulike kanalar når det er i gong!

5.-7. klasse

TANKAR FRÅ TRUSOPPLÆRAREN

Sommaren står for døra. Ein sommar der me endeleg kan vera saman på ein naturleg måte med alle me er glade i, og reisa (nesten) dit me ynskjer. Nokon gler seg kanskje til å reisa og oppleva mykje forskjellig, andre gler seg gjerne til å vera heime utan planar. Fridagane gjer det mogleg å ha eit temposkifte, ein kan roa ned og senka skuldrene. I alle fall om ein lar seg sjølv få lov til det.

Det er lett å bli stressa av alt ein ser at andre gjer og får til, og føla at ein til dømes må hiva seg på «racet» om å nå dei høgste toppane for å ta dei tøffaste bileta, helst med kidsa på slep. Men ein MÅ jo ikkje, må ein vel? Eg har nyleg lese boka «Radikal ro» av Kathrine Vigdel. Den kan verkeleg anbefalast å lesa, om du kjenner at du har lyst til å roa ned og senka krava til deg sjølv, men ikkje heilt veit korleis du skal få det til.

Eit av råda forfattaren kjem med, er å leita etter ting å vera takknemleg for i kvardagen. Vera meir til stades og sansa det rundt seg som ein er så vant til at ein ikkje legg skikkeleg merke til det. Kanskje ser du det vakre i fingeravtrykk-mønster



som solstrålene avslører i vindaugegene? Eller brått stoppar og lyttar lenge den glade skumringssongen til svarttrasta når du set ut bosspannet ein sein kveld? Skaparverket har mykje å by på, for den som har sansane og merksemda med seg.

God sommar til deg! Anten den blir roleg eller aktiv, så håpar eg du finn noko du er takknemleg for, der du er.

Kristin

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvar år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- BABYSONG, SMÅBORNSONG OG KNØTTESONG I VAKSDAL
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE
- DALE KYRKJE
- NESHEIM KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er genererte av andre, til dømes Facebook sjølv.



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalde ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sau. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil Då gjetaren fann sau, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00.



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
 - Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.



Konfirmant-tid

Bu-heimeleir: Konfirmantane hadde ein bu heime-leir, og her er det bålpanner og leik i borggarden utanfor Vaksdal kyrkje.

Konfirmant-tida er no historie for årets 15-åringar! Bilete av konfirmantane finn du ein anna stad i bladet. Her er nokre glimt frå slutten av konfirmantåret:



Konfirmasjonskapper: Konfirmantane på Dale finn fram kappane til konfirmasjonsdagen.



*No er det DIN tur!
Velkomen til eit
spanande år som*

KONFIRMAN*

Informasjon om konfirmantopplegget
i kyrkje i Vaksdal finn du på
heimesida vår: www.kyrkja.no/vaksdal
Der kan du og melde deg på
konfirmantopplegget.
Frist er 20. august.

DÅPSKJOLE TIL UTLÅN

Ikkje alle har dåpskjolar lett tilgjengelege, og desse kan vere ganske dyre å kjøpa, for kanskje å berre brukast ein gong. Derfor har kyrkje-kontoret nyleg skaffa ein dåpskjole som me låner ut gratis til dei som ynskjer det. Den er lett å vaska, og det fylgjer med dåpshue. Kom gjerne innom i kontortida om de vil sjå/prøva eller låna dåpskjolen til dykkar born!



FRODE VIK ER NY ORGANIST

Frode Raymond Vik er tilsett som organist i Vaksdal i 50% stilling. Han tek over etter Anton Proskurnin, som slutta i vår. Frode er frå Stamnes og bur i barndomsheimen der. Han var organistvikar i Vaksdal i 2016-2017, og er elles nytta som akkopagnør for mellom andre Dale Mannskor. Frode er framleis organist i Voss, der han og har ei deltidstilling.

Les gjerne intervjuet med Frode i Kyrkjebladet nr. 3 i 2016 på www.kyrkja.no/vaksdal.

Konfirmantane i Vaksdal 2022



Konfirmantar i Dale kyrkje 8. mai 2022 :

1. rekke frå venstre: Frida Kirsten Fardal-Jakobsen, Thea Lilletvedt Faugstad, Ane Mari Helle Rørbakken, sokneprest Frode Kvamsøe, Kristina Andreassen Rabben, Elise Roti og Sofie Wefring.
2. rekke: Olav Karlsen Dale, Hanna Hop, Leah Seim Edlund, Ingrid Faugstad Hesjedal, Maja Lid Toskedal og Jonas Sellevold Erdal.
Foto: Hverdagslykke Foto v/ Janne L. Berge



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 8. mai 2022:

1. rekke frå venstre: Mari Hammer Verpelstad, Marielle Olaissen Hovlandsdal, Thea Sæterdal, sokneprest Edvard Bø, Ine Lekve, Maja Hauståker og Julie-Mathilde Knutsen-Larsen.
2. rekke: Amalie Rosseland Kleiveland, Ariana Njåstad Boge, Davin Waage Knappskog, Robin Kleiveland Sæterdal, Tobias Stammenhagen Falkanger, Herman Hole, Sondre Steinsbø, Noah Terjesen Boge, Maylinn Amundsen-Solberg og Pernille Rebekka Hansen Skage.
Foto: Hverdagslykke Foto v/ Janne L. Berge




**Konfirmanten i Eidsland kapell
28. mai 2022:**
Ådne Matre Nordheim og sokneprest Edvard Bø.
Foto: Jahn Olav Nordheim



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 15. mai:

Robin Standal Fenne, Nora Bjørnsen, Jonathan Gravdal, Marthe Hesjedal Skrede, Okubay Desbele Gulbet. Sokneprest Frode Kvamsøe var ikkje med på akkurat dette biletet.
Foto: Monica Myster Dyvik

PRELUDIUM 2



Kurt Johannessen med performance og utstilling i Dale kyrkje

I september vil Kurt Johannessen vise PRELUDIUM 2 i Dale kyrkje.

PRELUDIUM 2 er ein performance, som vil gli over i ei utstilling. Arbeidet er en vidareføring av Preludium som han viste i St. Lucas Kirche i München, Tyskland i 2005. 2-4. september vil Kurt utføre ein performance i kyrkja på heimstaden sin, og ei veke etter det vil resul-

tatet av desse handlingane bli ståande der som ei utstilling. Kurt vil óg vise ein del bøker og relaterte arbeider i samband med dette prosjektet.

PRELUDIUM 2 er ein av dei mest omfattande performance-prosjekta han har presentert så langt. Det

vil bli arrangert ein samtale med Gunnar Danbolt og i ettertid vil det bli produsert ei bok om prosjektet. I samarbeid med Dale kyrkje vil førebuingane til PRELUDIUM 2 starte i august. Alle dalingar vil få eitt pitte lite spørsmål, og kanskje vil dette vakse til noko storslått.

FAKTA:

- Kurt Johannessen (f. 1960) arbeider med performance, bøker, video, teikning, grafikk og installasjon.
- Han har vist sine performancer i Europa, Asia og Amerika sidan tidleg på 80-talet.
- Hans performancar har ofte eit poetisk og minimalistisk uttrykk.
- Han har hatt utstillingar fleire steder i Noreg, blant anna Bergen Kunstmuseum og Kunstneres Hus (2007) og i Kunstnerforbundet (2016).
- Han gir ut artists books på eige forlag. Bøkene er tekstrelatert eller har visuelle kvalitetar.
- Tekstarbeida er ofte korte visuelle, poetiske, og til tider humoristiske fortellingar.
- Han har produsert over 120 bøker.
- Sidan 2013 har mange av hans bøker (Om-noko) vært grunnlag for en serie performanceforedrag. Desse bøkene ligg i kryssingspunktet mellom filosofi/bildekunst/poesi/vitskap.



NYTT REKKVERK

Rekkverket på galleriet i Dale kyrkje har i alle år vore slik det var då kyrkja vart ny. Dei seinare åra har fleire og fleire uroa seg over at det har vore lågare enn det som kjennest trygt, særleg når det har vore born på galleriet. Heldigvis har ingen falle ned eller skada seg på andre vis, men no er det gjort noko med rekkverket.

Mekanisk Industri på Dalegarden fekk oppdraget med å heve rekkverket, og no er arbeidet gjort. Dei har gjort eit framifrå arbeid med å tilpasse det nye rekkverket til korleis det gamle var. Høgda på rekkverket er no auka til 92 cm frå golvet. Kyrkjeforeininga knytt til Dale kyrkje har finansiert rekkverket.



Kyrkjegardsdagar: Arnhild Eidsnes og Jostein Farestveit frå gartneriet.

KYRKJEGARDS-DAGAR

I år har sokneråda skipa til såkalla kyrkjegardsdagar i Eksingedalen, på Eidsland og på Stamnes.

Sjølv om det offisielle namnet på gravplassane no er nett det - gravplassar - vert dei som ligg rundt kyrkjebygga framleis kalla med sitt gamle namn. Sokneråda har framleis omsorg for kyrkjegardane og kjenner på ansvaret for dei. Difor innbyr dei til desse kyrkjegardsdagane, der Astrid's Gartneri frå Modalen sel blomar og plantar, og soknerådet byr på drikke og noko å bite i.

RESULTATET AV FASTEAKSJONEN

Den årelege Fasteaksjonen gjekk av stabelen før påske. I tre av sokna var det bøsseinnsamling, og dei tre andre var det takkoffer i gudstenesta i påska. Pengar som kom via Vipps og bankkonto er og med i tala.

Bøsseinnsamling:

Vaksdal sokn: Kr 26.816,-

Dale sokn: Kr 27.626,-

Stamnes sokn: Kr 17.243,-

Kjelde: www.fasteaksjonen.no

Takkoffer:

Eksingedalen sokn: Kr 665,-

Nesheim sokn: Kr 3.764,-

Bergsdalen sokn: Kr 1.300,-

Kjelde: Sokneråda



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.vaksdal.kyrkja.no

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.

 DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjedytane i Vaksdal



DALETEC

KONFIRMANTJUBILEUM TIL HAUSTEN

DALE

Søndag 16. oktober kl. 11.00

For årets 50- og 60-årskonfirmanter.

Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i Forsamlingshuset (NB) etterpå.

VAKSDAL

Søndag 23. oktober kl. 11.00

For årets 50- og 60-årskonfirmanter (NB).


Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i bedehuset etterpå.

STAMNES

Dag for dette jubileet var ikkje bestemt då Kyrkjebladet gjekk i trykken.

Sokneråda sender innbyding til dei som står i kyrkjeboka som konfirmanter dei aktuelle åra. Men då somme har byta etternamn sidan den gong, eller av andre årsakar er vanskelege å få tak i, er det ikkje sikker ein når alle.

Ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.



**GJE VATN TIL DEI SOM
TRENG DET MEST**

**TAKK FOR STØTTA
UNDER ÅRETS
FASTEAKSJON**

Fekk du ikkje gjeve?
VIPPS til 2426
eller gje på konto
1594 22 87493



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

CH
HEDER

**NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
ALLTID HER FOR

deg



Ann-Elin M. Gullbrå

Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i
Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal Elektro

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00

 SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan 
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no

IDEHUS
BYGGER PÅ GODE IDEER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf 93 213 213

SLEKTERS GANG



DØYPTTE

Dale

17.04. Oliver Oppistov Danielsen

Vaksdal

05.06. Arian Aga Larsen

05.06. Sander Jørgensen Lunde



VIGDE

Dale

14.05 Britt Kindem og Arild Fotland



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Bergsdalen

20.05 Kari N Hatlestad 1927

23.05 Borghild Småbrekke 1923

Eksingedalen

09.05 Jostein Fjellanger 1949

Stamnes

24.03 Inger Elise Toskedal 1946

Vaksdal

26.04 Finn Erstad 1926



Skjer i kirken

Skjer i kirken er Den norske kyrkja sin nasjonale arrangementsportal. Her ligg kyrkja sine arrangement over hele landet. Med denne tenesta kan du enkelt finne arrangement som passar for deg, der du er: www.skjerikirken.no



Vaksdal

BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 26. juni - 3. søndag i treeningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.
Gudsteneste ved Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 3. juli - 4. søndag i treeningstida
SKARVASTØLEN (i Bergsdalen) kl. 15.00.
Stølgudsteneste ved Bø.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 10. juli - 5. søndag i treeningstida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste ved Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 17. juli - Aposteldagen
DALE KYRKJE kl. 11.00.
Gudsteneste ved Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 24. juli - 7. søndag i treeningstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.
Gudsteneste ved Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Fredag 29. juli - Olsok
LEIRO (Eidsland) kl. 18.:00. Olsokstemna ved Kvamsøe.
Felles avgang frå Myster kl. 16.30.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 31. juli - 8. søndag i treeningstida
Ingen gudstenester i Vaksdal

Søndag 7. august - 9. søndag i treeningstida
VETLEJORD (Eksingedalen) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste
ved Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.
STAMNES KYRKJE kl. 18.00
Gudsteneste ved Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Søndag 14. august - 10. søndag i treeningstida
DALE KYRKJE kl. 11.00.
Skulestart-gudsteneste ved Normann og Kvamsøe. Dåp.

Søndag 21. august - 11. søndag i treeningstida
BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00.
Utegudsteneste ved Kvamsøe.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00.
Skulestart-gudsteneste ved Bø og Normann.

Søndag 28. august - 12. søndag i treeningstida
DALE KYRKJE kl. 11.00.
Familiegudsteneste ved Bø. Konfirmant- presentasjon. Dåp.

Søndag 4. september - 13. søndag i treeningstida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00
Bergsdalsstemna/gudsteneste ved Kvamsøe. Dåp. Nattverd.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00.
Gudsteneste ved Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Søndag 11. september - Vingardssøndagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.
Familiegudsteneste ved Bø. Konfirmant-presentation.
STAMNES KYRKJE kl. 17.00.
Skulestart-gudsteneste ved Normann og Bø. Konfirmant-presentation.

*Sjå og annonsar i lokalavisa same veka, plakatar, og på
www.kyrkja.no/vaksdal Dåp = gudstenester med høve til dåp.
Dåp kan registrerast på heimesida.*



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no